

1000	Innhold	
1001	R1 Samferdsel, mobilitet og kollektiv i Vestland Fylke	1
1002	L1 Fråsegn til landsmøte:	4
1003	R2 Klima & Energi	5
1004	R3 Industri	8
1005	R4 Hav og fisk	10
1006	R5 Kultur	13
1007	R6 Ein bustadpolitikk for alle	16
1008	R7 GIEK og Eksportkreditt må flyttast til Vestlandet/Bergen for å styrke eksporten..	17
1009	Forslag 65 Fjern kvikksølvet ved Fedje	17
1010		

1011 **R1 Samferdsel, mobilitet og kollektiv i Vestland Fylke**

1012
1013

1014 Arbeidarpartiet vil sørge for at heile Vestland skal ha trygge, effektive og berekraftige
1015 transportløysingar både for folk og næringsliv. Vestland skal vera eit framtidretta fylke som
1016 kuttar i utslepp frå transportsektoren og tilbyr eit godt kollektivtilbod som er eit reelt
1017 alternativ til privatbilismen.

1018

1019 **Rassikring og trygge vegar**

1020 Vestland er i dag det fylket i Noreg som har flest rasutsatte riks- og fylkesvegar. Som følge
1021 av klimaendringane opplev vi no endå fleire ras enn tidlegare. Behovet for rassikring i fylket
1022 vårt utgjør seg anslagsvis til 40 milliardar. Vestland Arbeidarparti støttar Nasjonal
1023 Rassikringsgruppe sitt krav om ein forpliktande rassikringsplan

1024

1025 Fylkesvegnettet vårt har til dels særst dårleg vegstandard og ber preg av eit stort
1026 vedlikehaldsetterslep. I eit langstrekt kystfylke med høge fjell og djupe fjordar har vi mange
1027 tunnelar og bruer med behov for kostbare oppgraderingar. Fylkeskommunane er ikkje sette
1028 økonomisk i stand til å ta igjen vedlikehaldsetteslep på fylkesvegane. Vestland Arbeidarparti
1029 meiner derfor at staten må auke rammene til fylka og syte for at finansieringa tek opp i seg
1030 geografiske skilnadar og utfordringar

1031

1032 For Arbeidarpartiet veg omsynet til liv og helse tyngst og vi meiner derfor at ein må
1033 prioritera opprusting av strekningar med høg risiko for ras og ulykker, strekningar med høg
1034 trafikk og låg standard, og etablering av gul stripe på strekningar med smal vegbane.

1035

1036 Ny nasjonal transportplan skal vedtakast no i vår, og for arbeidspartiet i vestland er det
1037 viktig å stille seg bak det som har blitt framforhandla og spelt inn frå Vestland Fylke. I
1038 Vestland er det mange europa- og riksvegar med høg rasfare og mange strekningar er utan
1039 gul stripe. Det må vere eit minstekrav at riks- og europavegar har to felt. Prioritering av liv
1040 og helse bør òg ligga til grunn når ein skal oppgradere det nasjonale vegnettet i fylket vårt.

1041
1042 Av omsyn til stor rasfare og mange ulykker er Vestland Arbeidsparti si hovudprioritering
1043 innan store samferdselsprosjekt bygging av K5-prosjektet, ny E16 og Vossebana, mellom
1044 Bergen og Voss. Strekninga har ei viktig regional betyding i Vestland og hovudveg mellom
1045 Bergen og Oslo. Det må startast vidare planlegging av strekninga Stanghelle-Voss for å legge
1046 til rette for samanhengande utbygging på strekninga Bergen-Voss. Målet må vere at
1047 reisetida på Bergensbana må kome ned mot 4 timar mellom Bergen og Oslo.

1048
1049 E39 er den mest sentrale tranportkorridoren for heile Vestlandet og må prioriterast som
1050 hovedferselsåre med tilstrekkeleg opprusta standard for å binda landsdelen saman frå sør til
1051 nord. Vi har som klar målsetnad om ein ferjefri E39 gjennom fylket med gode koplingar til
1052 andre område i fylket.

1053
1054 Fleire strekningar på E39 manglar i stor grad gul midtstripe, har dårleg kurvatur og utgjør
1055 flaskehalsar på vegnettet. Særleg er behova store på strekningane E39 Heiane-Ådland, E39
1056 Klauvaneset-Vågsbotn, E39 Eikefet-Romarheim, E39 Bogstunnelen-Gaular grense, E39
1057 Storehaug-Førde og E39 Byrkjelo-Grodås, samt utbetring av punkt på strekninga Byrkjelo-
1058 Sandane. E39 Storehaug-Førde vil erstatte den ulukkesbelasta, bratte og svingete vegen ned
1059 til Førde sentrum frå sør. Prosjektet vil også gje stor innsparing i reisetid, vere eit viktig
1060 trafikktryggleikstiltak og bør derfor prioriterast i første periode, saman med parsellar som i
1061 dag ligg inne i NTP. E39 Klauvaneset-Vågsbotn er også ulukkesutsett og har for låg standard i
1062 forhold til trafikkmengda, vi forventar oppstart av denne strekninga i første periode
1063 Effektive og føreseielege transportkoplingar ut av Vestland er viktig for både næringsliv og
1064 innbyggjarar i Vestland. Riksveg 52 over Hemsedal er vald av regjeringa til å vera
1065 hovudsamband for tungtransport, medan riksveg 7 over Hardangervidda i stor grad er
1066 sambandet for personbiltrafikk og turisme. Rv 15 over Strynefjellet ein viktig fjellovergang i
1067 den nordlege delen av fylket. Når Seljestad- Røldal på E134 startar opp så må den vidare
1068 planlegginga og framdrifta på denne vegen halde fram. Rv 5 er ei viktig ferdsselsåre for
1069 næringslivet langs kysten, medan rv 13 er viktig for å binde fylket saman i dei indre strøka.

1070
1071 **Vestland Arbeidsparti vil:**

- 1072 ● Prioritere rassikring, liv og helse i Vestland fylke.
- 1073 ● Legge til grunn høyringsfråsegna til den nasjonale transportplanen frå Vestland Fylke
1074 i det vidare arbeidet.
- 1075 ● Krevja ein forplikande 12 årleg nasjonal skredsikringsplan som omfattar alle
1076 skredpunkt med middels og høg rasfaktor

- 1077 ● At arbeidet med den regionale transportplanen byggjer vidare på dei to
1078 prioriteringsplanane frå Hordaland og Sogn og Fjordane
1079 ● Arbeide for ein nasjonal plan som skal finansiera etterslepet på vedlikehald i
1080 fylkesvegnettet
1081 ● Arbeide for effektive og vinteråpne transportkorridorar ut av fylket vårt
1082 ● Styrke Statens vegvesen som hovudaktør for bygging og drift av vegnettet i fylket
1083 vårt.

1084

1085 **Kollektivsatsning i heile Vestland fylke!**

1086 Noreg har i Paris-avtalen forplikta seg til å kutte klimagassutsleppa med 40% innan 2030. For
1087 å nå desse måla er vi heilt avhengige av å kutte i utslepp frå transportsektoren. Derfor må vi
1088 sørge for eit attraktivt, rimeleg og klimavennlig kollektivtilbod i heile Vestland fylke. Skal
1089 kollektivtransport vera eit godt og reelt alternativ til personbilen må tilbodet vera enkelt,
1090 rimeleg og effektivt. Arbeidarpartiet vil derfor ta ei aktiv rolle i å styrke kollektivtilbodet i
1091 fylket.

1092

1093 I Bergen har vi Bybanen som det viktigaste samferdsels- og klimaprojektet. Bybanen har
1094 meir enn 18 millionar reiser i normalåret og representerer 25 prosent av dei
1095 kollektivreisande i Vestland fylke. Arbeidarpartiet skal sørge for utbygging av bybanen til
1096 Åsane og arbeide for at staten dekker meir av utgiftene til bybanen.

1097

1098 Byvekstavtalen med staten gjer det mogleg for heile Bergensområdet å ha ein auka satsing
1099 på rimelegare og hyppigare kollektiv samstundes som det ein legg til rette for auka bruk av
1100 sykkel og gange i kvardagen.

1101 I distrikta ser vi ofte at kollektivtilbodet ikkje er godt nok fordi det er for få bussar som ikkje
1102 alltid går når ein treng å bruka dei. Vestland Arbeiderparti ønskjer derfor ei auka satsing på
1103 bestillingstransport og fleksible løysingar for å sikre eit attraktivt tilbod for fleire til å velje
1104 kollektivt i område med lågt passasjergrunnlag. I tillegg til fleksible løysingar som til dømes
1105 "hent meg" og "trygt heim", meiner Arbeidarpartiet at gode korrespondansar mellom ulike
1106 transporttilbod og gode vilkår for pendling frå arbeid og skule er nøkkelen til å lykkast med
1107 kollektivtransport i distrikta.

1108

1109 **Vestland Arbeiderparti vil:**

- 1110 ● Stille krav til miljøvennleg drift av bussene og halda fram arbeidet med å elektrifisere
1111 bussane i fylket.
- 1112 ● Stille krav om nullutslepp i framtidige anbod i kollektivsektoren.
- 1113 ● Sikre god korrespondanse, og forenkle takstsystema mellom tog, buss, båt, bane og
1114 ferje.
- 1115 ● Sørge for at prisane på kollektivtilbodet ikkje skal auka meir enn den årlege
1116 prisindeksen.
- 1117 ● Prioritere utbygging av gang- og sykkelveggar.

- 1118 ● Arbeide for betre vilkår for pendlarar og sikre at pendlarutgiftene som gir
1119 skattefrådrag blir gjort opp månadsvis.
- 1120 ● Arbeide for auka statleg finansiering av bybanen, prioritere utbygginga av bybanen
1121 til Åsane og ferdigstille utbygginga av bybanen til Fyllingsdalen.

1122

1123 **Transportløysingar på sjøen**

1124 Sjøen er ein viktig transportkorridor både for folk og næringsliv i Vestland. Ferjene og
1125 hurtigbåtane er ein viktig del av vegnettet i fylket vårt og det er viktig at tilbodet er rimeleg,
1126 klimavennleg og har hyppige avgangar. Staten må auke tilskotet til ferjedrift slik at
1127 kostnadsveksten i dei nye ferjeanboda blir fullt kompenserte. Vidare vil Arbeidarpartiet
1128 leggja til rette for å flytte meir av godstrafikken frå veg til sjø og bane, samt arbeide for å
1129 vidareutvikle “det blå kollektivfeltet” gjennom å styrke dagens nettverk av hurtigbåtar i
1130 fylket.

1131

1132 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1133 ● Stille krav til miljøvennleg drift av hurtigbåtane og ferjene i fylket og ha mål om
1134 utsleppsfrie ferjer og hurtigbåtar.
- 1135 ● Sikre eit godt ferje og hurtigbåttilbod i heile fylket og spesielt sikre pendlarar til
1136 arbeid og skule eit godt tilbod.
- 1137 ● Arbeide for fleire ferje - og hurtigbåtagangar, også på natta.
- 1138 ● Sikre ei betre statleg finansiering av det fylkeskommunale ferjetilbodet som er i
1139 samsvar med kostnadsveksten i nye ferjeanbod.

1140

1141 **L1 Fråsegn til landsmøte:**

- 1142 ● Vestland arbeidarparti krev at det vert utarbeida betre og meir treffsikre
1143 kompensasjonsordningar for fylka som lyser ut anbod på nullutsleppsteknologi.
1144 Dette ser vi som heilt avgjerande for at fylka som bidreg inn mot det grønne skiftet
1145 ikkje skal bli sittande igjen med ei økonomisk belastning som går utover skuledrift,
1146 rassikring og andre tilbod.
- 1147
- 1148 ● Vestland Arbeidarparti krev at regjeringa gjennomfører nasjonal skredsikringsplan
1149 som innan 12 år sikrar utbetringar av skredpunkt på alle strekningar med høg og
1150 middels skredfaktor.

1151

1152

1153 **R2 Klima & Energi**

1154

1155

1156 Klimakrisa stiller store krav til omstilling av det norske samfunnet. Vi ser at behovet for
1157 energi aukar. Noreg har med den unike kompetansen sin og sine naturgitte fortrinn, store
1158 moglegheiter til å bygga ut meir fornybar energi. Samtidig er det avgjerande at ein sikrar ein
1159 god balanse mellom behovet for energi og vern av sårbar natur. Vestland Arbeidarparti
1160 ynskjer ein energi- og klimapolitikk basert på sosialdemokratiske verdiar, der staten leiar an
1161 gjennom eit aktivt eigarskap og gjennom å stilla krav om at klima og miljø må bli teke omsyn
1162 til. Førsetnaden for å lykkast med omstillinga til fornybarsamfunnet ligg i korleis vi forvaltar
1163 energiressursane våre. Vestland skal vera motoren i denne omstillinga, som krev at vi
1164 utviklar ny teknologi, bygger opp ny produksjon, sikrar akseptable energiprisar og finn gode
1165 måtar å distribuera energien på til heile landet.

1166

1167 **Forvaltning av energiressursar**

1168 Vestland Arbeidarparti meiner at det er behov for ein heilskapleg plan som ser klima,
1169 næring, energi og lavutslippssamfunn i ein samanheng. Ein slik plan kan gjere oss betre
1170 rusta til å sikra ei forsvarleg forvaltning og utvikling av energiressursane våre. Det blir lagt
1171 opp til auka elektrifisering i fleire sektorar, mellom anna innan transport, prosessindustri og
1172 petroleum. Ei auka elektrifisering vil stilla krav til ei auke i kraftproduksjon. Vestland
1173 Arbeidarparti meiner at elektrifisering av ulike sektorar er eit viktig klimatiltak, så fram
1174 elektrisiteten kjem frå fornybare energikjelder. For olje- og gassfelt med kort levetid, vil ikkje
1175 elektrifisering nødvendigvis vera formålsteneleg. Elektrifisering av sokkelen bør primært skje
1176 gjennom utvikling av havvind, slik at det ikkje går på bekostning av ny framtidsretta industri
1177 eller eksisterande prosessindustri på land.

1178

1179 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1180
- 1181 ● Oppretta ein heilskapleg handlingsplan som ser på energi, klima, næringsliv og
lavutslippssamfunn i ein samanheng.
 - 1182 ● Styrke støtta til forskning på eksisterande og framtidige fornybare energikjelder.
 - 1183 ● Sikre sterkt nasjonalt eigarskap av alle kraftressursane våre.
 - 1184 ● At elektrifisering av norsk sokkel føreset at det blir bygt ut meir fornybar energi, og
1185 då spesielt havvind. Elektrifisering må sjåast på i eit kost-nytte prinsipp der faktorar
1186 som levetida til feltet, og dessutan dei materielle og immaterielle kostnadene ved
1187 utbygging av fornybare energi blir vurderte.
 - 1188 ● Gi NVE eit tydelegare mandat til å ta vare på natur og miljø i utbygging av fornybar
1189 energi.

1190

1191 **Vasskraft**

1192 Vasskraft er i dag Noreg si viktigaste fornybare energikjelde, og store delar av energibehovet
1193 vårt blir dekkja av vasskraft. Sjølv om dei fleste vassdraga i dag er bygd ut, ligg det noko

1194 energipotensiale i å oppgradera eksisterande vasskraftverk. Det går no føre seg ein
1195 miljørevisjon av eldre kraftanlegg, men så langt anslår ein at det ligg eit energipotensial på
1196 mellom 4-6 TWh. Dette vil vera eit viktig bidrag, men vil ikkje åleine vera tilstrekkeleg til å
1197 dekkja behovet for energi. Vestland Arbeidarparti vil leggja til rette for at det kan byggast
1198 fleire mikro- og mini-vasskraftverk, der dette er føremålstenleg og forsvarleg med tanke på
1199 natur og biologisk mangfald.

1200

1201 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1202 ● Sikre offentleg eigarskap av vasskraftressursene våre, også småkraftverk.
- 1203 ● Bygga ut fleire mikro- og mini-vasskraftverk, der dette er føremålstenleg og
1204 miljøfagleg forsvarleg.
- 1205 ● Etablere ein elektrifiseringsstrategi som både tar vare på forsyningsikkerheit og
1206 næringsutvikling med å vurdere auka produksjon av fornybar energi, raskare
1207 utbygging av nett, energimiks og smarte løysingar.
- 1208 ● Sikre ei rettferdig nettleige til forbrukarane og næringslivet som stimulerer til
1209 utbygging av fornybar energi.

1210

1211 **Betre utnytting av ressursane**

1212 Svaret på utfordringa knytt til energibehovet i framtida, kan ikkje berre vera å bygga ut meir
1213 fornybar energi, ein må også sjå på kva potensial som finst til å redusere energibruk. Noreg
1214 har ein bygningsmasse som krev mykje energi til mellom anna oppvarming. I Sverige har ein
1215 hatt ei storstilt satsing på energieffektivisering. Vestland Arbeidarparti ynskjer å få til ei slik
1216 satsning i Noreg der ein i fyrste omgang prioriterer burettslag og sameige. Ei slik satsning
1217 kan frigjere fornybar energi, auke bukvaliteten, bidra til mobilisering av folk til
1218 klimaomstillinga og det gir sysselsettjing. Vestland Arbeidarparti meiner at det må leggest
1219 fram ein handlingsplan for energieffektivisering som set ambisiøse mål fram mot 2050. Det
1220 er og viktig at støtta gjennom Enova blir styrka. Biogass er ei god måte å utnytta ressursar
1221 på. Vestland Arbeidarparti ynskjer at det blir statse meir på biogass. I dag eksporterer vi
1222 50% av alt avfall og biorest frå skogdrift. Det bør derfor vere ei målsetjing at Noreg i større
1223 grad kan handtera eige avfall.

1224

1225 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1226 ● Gjennomføra ein storsatsning på energieffektivisering i Noreg.
- 1227 ● Styrke støtta i Enova til energieffektiviseringstiltak.
- 1228 ● Få på plass ein handlingsplan som set ambisiøse mål fram mot 2050 for korleis Noreg
1229 kan redusere behova sine gjennom energieffektivisering.
- 1230 ● At det blir utarbeidd eit vegkart for biogass for å vurdere ulike ressurs- og
1231 næringskjeder, produksjon og ulike sluttmarknader.
- 1232 ● Etablere fyllestasjoner for biogass og hydrogen langs våre viktigaste
1233 godstransportårer til lands og godshamner.

- 1234 ● Ha som målsetjing at Noreg i større grad kan handtere eige avfall og bruka det til
1235 produksjon av biogass.

1236

1237 **Vindkraft**

1238 Vindkraft er ei viktig fornybar energikjelde som vil stå sentralt i det grønne skiftet. Noreg har
1239 Europa si lengste kystlinje og derfor er potensialet for vindkraft stort. Vestland Arbeidarparti
1240 er positiv til vindkraftutbygging, men meiner det er viktig at slik utbygging tar omsyn til
1241 natur og biologisk mangfald. Det er viktig at medverknad i større grad blir vektlagt når det
1242 gjeld utbygging av vindkraft. Planlegging og bygging av nye vindkraftanlegg må innlemmast i
1243 plan- og bygningslova.

1244 Vestland Arbeidarparti meiner at vindkraftanlegg primært bør vere lokalisert i tilknytning til
1245 industrianlegg, gardsdrift og anna infrastruktur. Vestland Arbeidarparti er positiv til havvind
1246 under den føresetnaden at dei ulike havnæringane, spesielt fiskeri, blir teke omsyn til.

1247 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1248 ● At det må utviklast standardar for verdsetting av ikkje-prisgjevne konsekvensar og
1249 verdiar som natur, biologisk mangfald, friluftsliv og helse. Desse standardane skal
1250 vurderast opp verdiskapinga og behovet for energi.
- 1251 ● Styrke satsinga på havvind, og sikre sterkt statleg eigarskap.
- 1252 ● Utbetre eit betra skattesystem for vindkraft.

1253

1254 **Tenke globalt, handle lokalt**

1255 Norske kommunar og fylkeskommunar spelar ei heilt avgjerande rolle for at Noreg skal nå
1256 dei ambisiøse klimamåla sine. Det er viktig at kommunar og fylkeskommunar har dei
1257 nødvendige verktøya for å kutte i utslepp og samtidig ta vare på naturen og lokalsamfunn på
1258 ein best mogleg måte. Vestland Arbeidarparti meiner at staten har eit særleg ansvar for å
1259 utvikla gode verktøy, sikra god kompetanse og økonomiske støtteordningar for å setja
1260 kommunane i stand til å kjempa mot forsøpling, verna natur og kutte i eigne
1261 klimagassutslepp. Her er det viktig at det vert satsa på kollektivtilbud, energieffektivisering
1262 og utnytting av spillvarme. Staten må og bidra økonomisk til at kommunene klarer å rydda
1263 opp i gamle miljøsynder på land og i sjø.

1264 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1265 ● At staten i større grad må bidra til finansiering av klimatiltak i kommunar og
1266 fylkeskommunar, som til dømes elektrifisering av ferjeflåta, hurtigbåtar og
1267 nettutbygging fram til ladepunkt.
- 1268 ● Innføra sterkare verkemiddel mot ureining i plan og bygningslova og dessutan styrke
1269 innsatsen mot miljøkriminalitet.
- 1270 ● Starta eit arbeid for at utrangert utstyr, bilar og båtar berre skal lagrast i områder
1271 som er spesielt regulert for dette.
- 1272 ● Styrka moglegheitene kommunane har til å kunna pålegga grunneigarar å reparera
1273 eller rive bygningar som er til nedfalls og til stort allment bry.

- 1274 ● Staten må ta ein større del av rekninga for opprydding av gamle miljøsynder i
1275 kommunane.

1276

1277 **Natur og biologisk mangfald**

1278 Det internasjonale naturpanelet la i 2019 fram ein rapport om tilstanden til naturen.

1279 Rapporten ser på tap av naturmangfald som ein like stor trussel mot menneskjer som
1280 klimaendringane. Vestland Arbeidarparti ynskjer difor å setja tap av natur høgare på
1281 dagsorden i norsk klima- og miljøpolitikk. Tap av areal er den viktigaste årsaka til at artar
1282 forsvinn. Det er derfor viktig at det vert etterstreba mest mogleg arealnøytralitet. Dette
1283 inneber i praksis at ein i større grad nyttar areal som allereie er utnytta framfor å øydelegga
1284 meir urørd natur. Noreg er i dag ein stor olje- og gassnasjon, og vi vil og vera det i åra
1285 framover. Samtidig vil vi i åra som kjem satsa stort på utbygging av fornybar energi. Målet
1286 med norsk energipolitikk må vera at vi skal få mest mogleg ut av naturressurser våre, med
1287 minst mogleg økologisk fotavtrykk.

1288

1289 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1290 ● Arbeide for at kommunar og fylkeskommunar set mål om arealnøytralitet.
- 1291 ● At omsynet til klima og miljø skal vege tyngst enten det gjeld utvinning av olje og
1292 gass, utbygging av fornybar energi, eller anna næringsverksemd i svært sårbare
1293 områder.
- 1294 ● Ressursforvaltning mineralar. Vestland Arbeidarparti vil jobbe for at Arbeidarpartiet
1295 sørger for å utrede lovverk tilsvarende Loven om Petroleumsnæringa, for utvinning
1296 av mineralar og tiltak for å realisere det grønne skiftet. På denne måten legger vi
1297 rammer for videreutvikling av landets ressurser. Herunder mineraler

1298

1299

1300

1301

1302

1303

1304

1305 **R3 Industri**

1306

1307 **Industri i kraftfylket Vestland**

1308 Industrien skapar store verdiar og mange arbeidsplassar på Vestlandet. Vestlandet har
1309 mange fortrinn med rik tilgang på naturressursar, høg kompetanse og konkurransefortrinn
1310 som ligg i «den norske modellen».

1311

1312 Det er fleire deler av Vestland som har manglande tilgang på kraft og overføringskapasitet
1313 opp mot det framtidige behovet, og dette er kritisk for utvikling av industri og øvrig næring.
1314 Vi må derfor sikre nasjonal kraftbalanse og forsyningstryggleik.

1315
1316 Vestland Arbeidarparti vil sikra nye og eksisterande arbeidsplassar, og derfor må det skje eit
1317 taktskifte for å berekna eit langsiktig behov for kraft. Vi må investere for å sikra framføring
1318 av nok kraft i fylket.

1319
1320 Ein stor del av norsk industri står i dag i det teknologiske og grønne skiftet med interessante
1321 framtidsmogelegheiter. Bedriftene skal omstille seg til miljøvenleg produksjon. Vi må
1322 utnytte og utvikle kompetansen og dei menneskelege ressursane som industrien har. Dette
1323 er eit
1324 fortrinn som gjer at landet vårt kan bli leiande i verda på grøn teknologisk produksjon og
1325 omstilling.

1326
1327 Verdien av rein, fornybar og utsleppsfri kraft vil vere eit stort konkurransefortrinn i åra som
1328 kjem og derfor vil Vestland Arbeiderpartiet ha eit nasjonalt løft for framtidens industri.
1329 Industripolitikken vår skal kjenneteiknast med å ta ressursane på land og i havet i bruk på
1330 ein bærekraftig måte.

1331

1332 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1333 ● Ha langsiktige berekningar ved å planlegga kraftbehovet i Vestland fram til 2050.
- 1334 ● Auka andelen norske fagarbeidarar og ingeniørar som jobbar med utbygging og
1335 vedlikehald av nettet.
- 1336 ● Fokusera på forvaltninga av energiressursane sånn at det og i framtida vil vere
1337 grunnlag for industriproduksjon i Vestland.
- 1338 ● Jobba for at Vestland skal vera ein aktuell lokasjon for etablering av batterifabrikk og
1339 andre berekraftige industrisatsingar.
- 1340 ● I planarbeidet med nye straumlinjer i luftspenn skal ein og greie ut alternativ som
1341 sjøkabel, jordkabel og boring i fjell, og arbeide for at ein i mykje større grad nyttar
1342 ulike løysingar for å hindre konflikhtar mellom areal, kulturminne, landskap og
1343 naturmangfald.
- 1344 ● Legga til rette for å utnytta vårt fortrinn i leverandørindustrien ved å nytta fornybare
1345 og framtidretta energiressursar som til dømes sol-, vind- og vasskraft, samt biogass.

1346

1347 **Verftsindustrien**

1348 I dag er det norske verft som ikkje kvalifiserer seg til å kunna delta i anbudsprosessar
1349 grunna mangel på eigenkapital. Verft slit økonomisk grunna ein tøff marknad med hard
1350 konkurranse både nasjonalt og internasjonalt, pandemi og ustabil verdsøkonomi med
1351 flyktige prisar hjå underleverandørar.

1352 Verftsindustrien er viktig for heile kysten vår og gir direkte eller indirekte mat på bordet for
1353 svært mange familiar. Her står mange industriarbeidsplassar i fare.
1354 Ofte er dette hjørnesteinsbedrifter med høg kompetanse, i små lokalsamfunn.

1355

1356 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1357 ● At GIEK strekker seg maksimalt for å avlasta verfta si svært anstrengde
1358 egenkapitalsituasjon.
- 1359 ● Ha konkurransedyktige rammevilkår som gjer det attraktivt å investera i norsk
1360 industri.
- 1361 ● Etablerer ei ekspertening med høg kompetanse på offentleg anbod, som
1362 kommunale og fylkeskommunale innkjøparar kan lena seg på.
- 1363 ● at Vanguard prosjektet til Forsvaret burde framskundast då dette sikrar om lag 20
1364 000 årsverk langs kysten.
- 1365 ● Vidareføra CO2-kompensasjonsordninga med minst 75% kompensasjon for å sikra
1366 norske arbeidsplassar.
- 1367 ● At den komande kondemneringsordninga for nærskipfart- og offshorefartøy bør
1368 sikre at den offentlege støtta går til vraking av skip i Noreg og ikkje i utlandet.
- 1369 ● At Enova gir støtte til bygging av skip for reiarlaga, **med føresetnad at skipa skal
1370 segle med norsk flagg, ha ein viss del av norsk mannskap**, og blir bygd av verft i
1371 Noreg.
- 1372 ● At styrkane i norsk industri må vektleggjast i utforminga av anbod og tildeling av
1373 oppdrag. Kriterium for ordna arbeidsvilkår og HMS skal vera ein del av anbodet.

1374

1375 **Fagarbeidaren**

1376 Noreg må satsa på fagarbeidaren. Sjølve føresetnaden for å lukkast med omstilling ligg i
1377 korleis vi sikrar at vi har nok fagarbeidare i framtida og ivaretek ein kontinuerleg etter- og
1378 vidareutdanning med gode støtteordningar.

1379 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1380 ● Satsa på dei unge ved å få fleire fag inn i lærlingeordninga.
- 1381 ● Sørge for å få fleire lærlinger inn i lærlingeordninga, slik at fleire får ei fagutdanning.
- 1382 ● Gje auka støtteordningar til kontinuerleg etter- og vidareutdanning.

1383

1384 **R4 Hav og fisk**

1385

1386 Noreg har store ressursar i sine kyst- og havområder, med eit betydeleg potensiale for auka
1387 verdiskaping innan eksisterande og nye marine næringar. Fiskeri og oppdrett har stor
1388 betyding for busetting, sysselsetting, verdiskaping og næringsutvikling langs kysten vår.

1389

1390 Vestland fylke er eit leiande verdiskapande fylke basert på naturressursar, grøn
1391 næringsutvikling og innovasjon. Arbeiderpartiet vil satse på Bergen som byen og Vestland
1392 som fylket for marine næringar. Ressursane i havet er både vår mest tradisjonelle og mest
1393 framtidsretta næring. Vi skal halde fram med å hente velstand frå bærekraftig forvaltning av
1394 hausta og dyrka marine råvarer i eit evighetsperspektiv.

1395

1396 **Vekst i havbruk**

1397 Klimaendringar, samt uforsvarleg bruk av ressursar er nokre av dei største utfordringane i
1398 vår tid. Med eit auka fokus på betydinga av berekraftig matproduksjon må utfordringar som
1399 er til hinder for vidare vekst i oppdrett verte løyst. Ei auke i verdiskapinga frå havet fordrar
1400 ei forvaltning som ivaretek både vekst, ville arter og biomangfald.

1401

1402 Allmenta si tilgong på fiske, den kulturelle arven og artane i seg sjølv er viktig å skjerma.
1403 Målretta tiltak i vassdraga våre vil bidra til å bygge opp robuste bestander og vere eit
1404 krafttak for den viktige laks og sjøauren i vår region.

1405

1406 **Vestland Arbeidarparti vil:**

1407 ● Opprette fleire nasjonale referansevassdrag med detaljert overvåking av bestandene
1408 etter modell av Etneelva. Formålet er å etablere dei rette tiltakene for dei ulike
1409 vassdraga.

1410 ● Innføre målretta virkemiddel og ordningar for å premiere oppdrett med reduksjon i
1411 lakselusnivå med vekst.

1412 ● Videreføre og utvikle ordningane med utviklingstillatelsar med fokus på å løyse
1413 utfordringar med lus og rømming.

1414 ● Det må sikrast at kommunar som avgir areal til fiskeoppdrett vert tilstrekkeleg
1415 kompensert

1416

1417

1418 **Nye marine proteinkjelder**

1419 Eit av dei viktigaste bærekraftmåla frå FN er å redusere svolt i verda. Vestlandet har både
1420 råstofftilgang, energitilgang og kompetanse til å verte leiande på teknologiutvikling for total
1421 utnytting av marine ressursar i tråd med uttalte nasjonale strategiar. Marin satsing og
1422 etablering av blå bioraffineri vil vere viktige steg mot å lukkast med vekst i matproduksjon
1423 frå havet, og bidra til å redusere svolt i verda.

1424

1425

1426

1427 **Vestland arbeiderparti vil:**

1428 ● Hauste alternative marine ressursar og kartlegge potensialet deira som mat og
1429 føringrediensar.

- 1430 ● Styrke det internasjonale samarbeidet innan havforskning for å bidra til auka
1431 kunnskap om marine ressurser og mattryggleik.
1432 ● Legge til rette for bioraffinerisatsingar i Vestland
1433

1434 **Havforsøpling**

1435 Plast og mikroplast påverkar i stor grad økosystemet vårt og utgjer ei fare for natur,
1436 menneske og dyreliv. Marin forsøpling, med forureining frå tauverk, garn og teiner er eit
1437 aukande problem, både på havbotn og langs land. Dei siste åra har det vore eit stort fokus
1438 på strandrydding og fiskebåtar har delteke i «Fishing for litter»-ordningar.
1439 Arbeiderpartiet vil utvide satsinga på eit reint hav i samarbeid med dei maritime og marine
1440 næringane med tiltak for å førebygge og rydde opp marin forsøpling. Dette kan føre til ny
1441 verdiskaping innan området.
1442

1443 **Vestland arbeiderpartiet vil:**

- 1444 ● Samla politikk for rydding av plast for individ, hushald og næringar
1445 ● Stimulere for effektiv handsaming av marint avfall og tilrettelegging av tenlege
1446 mottak langs kysten
1447 ● Arbeide for reguleringar og lovverk som hindrar at plast kjem på avvegar.
1448

1449 **Arealkonflikter i sjø**

1450 Det internasjonale naturpanelet peikar på at tap av areal er den viktigste årsaken til at arter
1451 forsvinner. Vestland AP har sagt nei til fjorddeponi. Ved deponering av massar i sårbare
1452 fjordsystem og utbyggingar av havvind nær norskekysten, må konsekvensutgreingar som
1453 sikrar omsyn til naturmangfaldet ligge til grunn, og så langt som råd må massane nyttas til
1454 samfunnsnyttige formål.
1455

1456 Etablering av havvind som beslaglegg store og viktige fiskefelt vil kunne få omfattande
1457 konsekvensar for fiskerinæringa. Arbeidarpartiet er positive til utbygging av Havvind. Det er
1458 likevel avgjerande at utredningsområder som vert rekna som viktige for fiskeria vert tatt
1459 omsyn til.
1460

1461 **Fiskeri**

1462 Fisken er ein av dei viktigaste ressursane for Noreg. Kvotepolitikken skal sikre at vi ikkje
1463 fiskar meir enn bestandane toler, og samstundes gje grunnlag til at næringa er berekraftig
1464 og effektiv.
1465 Dagens kvotemelding har satt i spel viktige prinsipp i fiskeriforvaltninga om føreseielegheit,
1466 stabilitet og langsiktigheit. Kvotemeldinga som skulle vere forenklande, har tvert om verte
1467 svært komplisert og skapt stor usikkerhet for næringa.
1468 Vi treng ei fiskeflåte som kan flytte seg etter fisken om den endrar vandringsmønster, og
1469 som er tilpassa dagens endra mottaksstruktur. Fisken som vert fanga utenfor kysten, skal

1470 som hovedregel foredlast ved anlegg på land og det er eit ønskje om å auka
1471 foredlingsgraden av norsk sjømat.

1472

1473 **Vestland arbeiderparti vil:**

- 1474 ● Bidra til ein berekraftig, føreseieleg og stabil fiskeriforvaltning for fiskebestandane,
1475 for fiskarane og for kystsamfunna ved å jobba for ordningar og system som gjer oss i
1476 stand til å lage berekraftige og klimatilspassa løysingar.
- 1477 ● Nærare utrede overgangen fra heimselslengde til faktisk lengde, og regjeringa må
1478 kome tilbake til Stortinget før det kan konkluderast.
- 1479 ● Samfiskeordninga må videreførast inntil det er utreda ei permanent
1480 strukturvoteordning for fartøygruppene under 11 meter.

1481

1482 **Fiskerihamner**

1483 Fiskerihamnane er viktig infrastruktur for fiskerinæringa, og desse prosjekta har høg
1484 samfunnsnytte. Planlagde investeringar i lokale fiskerihamner på Bømlo og i Kalvåg må
1485 framskundast og få oppstart så snart råd er. Det er viktig at staten står med prioriteringane i
1486 NTP når det gjeld fiskerihamnar sjølv om ansvar for fiskerihamnar er overført til
1487 fylkeskommunane.

1488

1489 **Vestland arbeidarpartiet vil:**

- 1490 ● Kreve statlig finansiering for fiskerihamnane i Kalvåg og Langevåg, som var ein del av
1491 vedteken NTP.

1492

1493

1494

1495 **R5 Kultur**

1496 .

1497

1498 Kultur har ein eigenverdi og gir oss noko å leve for. Kulturopplevingar gir liva våre meir
1499 innhald og skaper fellesskap og forståing mellom menneske. Kultur gir livet vekst, innhald,
1500 refleksjon og mening, både for den einskilde og i fellesskapet med andre.

1501 Kulturpolitikken skal fremje aktivitet, gje opplevingar, fremje demokrati og ytringsfridom.

1502 For Arbeiderpartiet er det viktig å leggje til rette for at alle kan få ta del i kulturlivet.

1503 Kulturelle møteplassar for opplevingar og utøving av kulturuttrykk skal vera arenaer for
1504 inkludering og mangfald av uttrykk og kulturar. Kulturlivet må heile tida ta opp i seg nye

1505 uttrykk. Felles opplevingar skapar gode liv og eit godt samfunn. Kulturopplevingar er

1506 attraktive reisemål og må koplust tettare på reiselivssatsingar.

1507 **Covid- Covid-19**

1508 Gjennom politikken skal vi og gje kunst- og kulturlivet gode vekstvilkår. Kulturlivet er hardt
1509 ramma av smitteverntiltak i samband med Covid 19. Restriksjonane for kulturlivet blir
1510 oppfatta som tilfeldige, lite føreseielege og svært inngripande. Myndigheitene må lage meir
1511 føreseielege reglar som ikkje blir opplevd som urimelege og tilfeldige, som samstundes
1512 reduserer smitte. Dette fordrar dialog med kulturlivet om moglege tiltak avhengig av
1513 smittesituasjonen nasjonalt og lokalt. Nedstenging og restriksjonar rammar aktiviteten som
1514 er bygd opp over mange år i by og land. Dette rammar sterkt aktivitet for barn og unge.
1515 Norsk kulturliv er ei viktig næring med mange titusenvis av arbeidsplassar, og det er
1516 avgjerande for eit sterkt og fritt kulturliv at utøvande kunstnarar og andre som jobbar i
1517 kultursektoren har noko å leve av. Dei profesjonelle kulturaktørane og kulturinstitusjonane
1518 har mista publikum og inntekter. Det er avgjerande å redusere dei negative konsekvensane
1519 av dette. Bransjen står i fare for å miste kompetanse og miljø. Utøvande kunstnarar, tilsette
1520 i kulturinstitusjonar, galleri, museum m.v står utan sysselsetting, samstundes som dei fleste
1521 motkonjunkturtiltaka ser ut til å vere sett inn på bygg, anlegg og infrastruktur.
1522 Kompensasjonsordningane for kulturlivet må sikrast og aukast, i både breidde og omfang.

1523 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1524
- At kultur og idrett får høgare prioritet under pandemien.
- 1525
- At kompensasjonsordningane skal vidareførast for kulturlivet og idretten, og
- 1526
- garantere kompensasjon ved nasjonale og lokale smitteverntiltak.
- 1527
- Sikre ei sterk stimuleringsordning som byggjer opp att kultursektoren, idretten og
- 1528
- frivilligheita.
- 1529
- Auke samarbeidet mellom helsemyndigheiter og kultur- og idrettsliv for å auke
- 1530
- medverknad til trygge smitteverntiltak. Smitteverntiltaka må i større grad søke å
- 1531
- vere føreseielege og opplevast som rimelege.

1532 **Bibliotek**

1533 Folkebiblioteka våre skal vere ein inkluderande arena for kulturopplevingar, offentleg
1534 samtale, debatt og digitale ressursar. Folkebiblioteka skal fremje opplysning, utdanning og
1535 anna kulturell verksemd gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre media gratis
1536 til disposisjon for alle og til alle tider i eit meirope bibliotek. For mange lokalsamfunn er
1537 biblioteket ein hjørnestein i lokalsamfunnet. I eit samfunn med aukande skilnader mellom
1538 folk, er dette ein svært viktig funksjon. Det er viktig at digitale læremiddel og nye måtar å
1539 oppleve kultur på gjennom digitale verktøy som videospel og liknande er tilgjengeleg. Biblio
1540 Tøyen er eit føredøme for utvikling av bibliotek for barn i lokalsamfunnet. Biblioteka er alt
1541 utbygde over heile landet, det er eit godt utgangspunkt for vidare satsing. Det er avgjerande
1542 å verne om og vidareutvikle den gode rolla bibliotek har i eit moderne velferdssamfunn.

1543 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1544 ● At biblioteka får midlar til å oppgradere både teknisk utstyr og kompetanse.
- 1545 ● At fleire kommunar får utvikla barnebibliotek etter modell av «Biblo Tøyen».
- 1546 ● Satse på midlar til utvikling av meirope bibliotek.

1547 **Museum**

1548 Musea skal vere kunnskapssentrum for formidling av kunnskap og forvaltning av kulturarven
1549 vår. Det store mangfaldet av museum er ein kulturskatt vi har ansvar for å forvalte for
1550 framtida. Mangfaldet frå dei store kunstmusea og kunstnarheimane til fartøyvern,
1551 handverk, bygningsvern og små bygdetun, immateriell kulturarv og bymuseum krev ulike
1552 rammevilkår og ulik kompetanse. Det må arbeidast for betre og meir likeverdige
1553 finansieringsmodellar for musea og forsvarlege magasin. Dei store samlingane krev andre
1554 midlar og ei anna kompetanse enn dei små bygdemusea som i stor grad har vore tekne vare
1555 på gjennom frivillig innsats i lokalsamfunna. Musea, kulturminne og handverkstradisjonar er
1556 viktige deler av kulturarven vår. Kvar kulturskatt er eit nasjonalt minne og må handterast
1557 som det. Ein må sjå på fordeling av ansvar mellom stat, kommune og fylkeskommune. Ein
1558 legg til grunn at staten tek hovudansvaret for drift, investeringar og vidare utvikling av
1559 musea. Det er kjent at det er ei stor skeivdeling av midlar til museum i Noreg.
1560 Osloinstitusjonane får store summar, medan særleg musea i «gamle Hordaland» kjem
1561 dårleg ut av den statlege finansieringa – til trass for at ein her har eit av landets mest rike og
1562 varierte museumsmiljø. Dette er ikkje ei rettferdig fordeling av midlar, og Vestland
1563 Arbeidarparti meiner at skeivdelinga mellom Oslo og Vestland må rettast opp.

1564 Det kostar mykje å forsikre kunst som er på utstilling. Dei aller fleste musea må teikne
1565 forsikringar til kvar utstilling for risiko ved frakt og utstilling. Staten eig nokre samlingar, og
1566 staten er sjølvassurandør for desse samlingane når dei blir viste i Oslo. Når desse samlingane
1567 skal stillast ut i andre deler av landet, må musea som skal ha dei til låns teikne og betale for
1568 forsikringane sjølv. Det medfører at Oslobaserte museum får dekkja forsikringskostnadene,
1569 medan museum utanfor Oslo må betale dette sjølv. Det er grovt urettferdig, og ein stor
1570 utgiftspost for musea.

1571 **Vestland Arbeiderparti meiner:**

- 1572 ● At staten skal ha hovudansvaret for drift, investeringar og vidare utvikling av musea
- 1573 ● At skeivfordelinga av midlar mellom musea i Noreg må rettast opp.
- 1574 ● At staten dekkjer kostnaden for forsikringar ved utlån av statleg eigde samlingar til
1575 museum utanfor Oslo.

1576 **Nynorsk**

1577 Nynorsk er ein del av kulturarven og viktig for identiteten vår. Nynorsk må vernast om
1578 gjennom aktiv bruk i kvardagen, i skule, arbeidsliv, offentleg forvaltning og kulturliv.
1579 Nynorsken skal sikrast gode kår.

1580 Den nye Språklova må styrkje nynorsken. Det må framleis vere slik at statleg tilsette må
1581 skrive både nynorsk og bokmål, med mindre det er ein spesiell grunn til å sleppe. Kvart år
1582 byrjar mellom 7 000 og 8 000 førsteklasingar med nynorsk som opplæringspråk i norsk
1583 skule. Det er viktig at desse barna skal ha like høve til å bli trygge på språket sitt og digitale
1584 ferdigheiter som andre elevar i norsk skule. Digitaliseringa går fort og opnar for spennande
1585 læremiddel og informasjonsflyten er stor. Det er ei stor utfordring at alt for lite av dei
1586 digitale ressursane i skulen er på nynorsk. I nynorskkommunar er det diverre stor bruk av
1587 læremiddel på bokmål for å gje elevane tilgang på det læreplanen krev. Mangelen på
1588 digitale læremiddel på nynorsk er skrikande. Dessverre er situasjonen altfor ofte at
1589 læremiddel som òg er omfatta av kravet om at dei skal liggje føre på begge språk, berre
1590 kjem på bokmål. Arbeiderpartiet krev at aktørar for digital infrastruktur i grunnskulen og
1591 vidaregåande opplæring skal tilby nynorskversjonar av program, appar og nynorske
1592 rettskrivingsprogram.

1593 Samstundes som vi stiller krav til andre må Arbeiderpartiet og fagrørslai større grad ta i bruk
1594 nynorsk.

1595 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1596 ● At nynorsk må styrkast i alle deler av samfunnet
- 1597 ● At den nye Språklova må styrkje nynorsken og at det må framleis vere sånn at statleg
1598 tilsette må skrive både nynorsk og bokmål.
- 1599 ● At den nye Språklova må ha sanksjonar dersom lova blir broten.
- 1600 ● At den nye opplæringslova må komme med ein strengare definisjon av kva eit
1601 læremiddel er, for å sikre at nynorskelevane får oppfylt sine språklege rettigheter
- 1602 ● At digitale læremiddel må kome på nynorsk på same tid som bokmål.
- 1603 ● At Arbeidarpartiet og fagrørsla tar nynorsk i bruk.
- 1604 ● Styrke nynorsk ved å støtte opp om nynorske kulturinstitusjonar som Det Vestnorske
1605 Teateret og Teater Vestland.

1606

1607

1608 **R6 Ein bustadpolitikk for alle**

1609

1610

1611 *“Det er en menneskerett å eie egen bolig”*

1612 *Trygve Bratteli*

1613 Bustadpolitikk handlar om ein av dei mest grunnleggande rettane vi som menneskjer har,
1614 nemleg retten til ein stad å bu. I Noreg veks ulikskapen mellom dei som leiger og dei som eig
1615 ein bustad. I dag er det mange som eig sin eigen bustad, men nesten ein fjerdedel av

1616 befolkninga har ikkje den moglegheita. Det er heller ikkje tilfeldig kven som står utanfor den
1617 ekskluderande bustamarknaden vi har i dag. Dei som tener minst er og dei som eig minst.
1618 179 000 reknast som vanskelegstilte på bustadmarknaden i Noreg, og omkring 4 000 av
1619 desse er heimlause. Det er eit stort paradoks at det er så mange som tener seg rike på å
1620 investerer i eigedom på same tid som så mange ikkje har råd til ein stad å bu. Ein bustad skal
1621 vere ein stad å bu, ikkje eit spekulasjonsobjekt.

1622 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 1623 ● Auke bevilgningane til Husbanken over statsbudsjettet.
- 1624 ● Styrke startslånordninga i Husbanken sånn at fleire får moglegheita til å kome seg
1625 inn på bustadmarknaden.
- 1626 ● Regulere leigemarknaden strengare for å dempe prisane
- 1627 ● Opprette fleire "leige til eige"-prosjekt
- 1628 ● Opprette fleire ikkje-kommersielle utleigebustadar som leigast ut av det offentlege
1629 eller ideelle utleigeselskap.
- 1630 ● Bevilge meir pengar til organisasjonar som tilbyr juridisk hjelp og rådgiving til
1631 leigetakarar
- 1632
- 1633

1634 **R7 GIEK og Eksportkreditt må flyttast til Vestlandet/Bergen for å styrke** 1635 **eksporten**

1636
1637
1638 Norge har eit stort potensiale for vekst i eksportnæringar, og for å vinna
1639 tilbake markedsandelar. Norge treng eksportinntekter for å finansiera velferd når inntektene
1640 frå olje vert redusert. Den planlagde samanslåinga av GIEK og Eksportkreditt bør lokaliserast
1641 til Vestlandet/Bergen der næringskompetansen er, og fortrinnsvis til Bergen der fleire
1642 eksportnæringar er etablert og som i tillegg har eit sterkt finans- og forskningsmiljø.

1643
1644
1645

1646 **Forslag 65 Fjern kvikksølvet ved Fedje**

1647
1648
1649 På 150 meters djup, få kilometer vest for Fedje, ligg ubåten U-864 med 65 tonn flytande
1650 kvikksølv på stålfasker. Kjem dette kvikksølvet ut i naturen vil det få katastrofale følgjer og
1651 vere ei krise for den norske havbruksnæringa.
1652 Regjeringa hadde i utgangspunktet bestemt at vraket skulle dekkast til, noko som vil vere ei
1653 heilt uakseptabel løysing. Men etter godt lokalt arbeid, mellom anna frå aktørar med tung
1654 subsea-kompetanse, har regjeringa sett ned eit ekspertutval som skal komme med ei ny

1655 vurdering av dei alternativa ein har. M.a. skal utvalet vurdere korleis ny teknologi kan
1656 brukast for å kunne heve kvikksølvlasta eller vraket òg lasta. Det er no viktig at
1657 ekspertutvalet gjer ein god jobb og får lagt fram si vurdering i november. Men for oss i
1658 Arbeidarpartiet finns det berre ei akseptabel løysing på denne saka, og det er at mest
1659 mogleg av kvikksølvet blir heva og fjerna.

1660

1661 ● Vestland AP mener at eneste løsnings er at kvikksølvet utenfor Fedje heves og fjernes.

1662